

STATENS VEGVESEN
Postboks 1010 Nordre Ål
2605 LILLEHAMMER

Dato	22.09.2022
Vår referanse	2022/85301-1
Dykkar referanse	
Sakshandsamar	Geir Sverre Andreassen
E-post	Geir.Sverre.Andreassen@vlfk.no
Telefon	90202693

Fv. 57 - Mongstadvegen - Vår vurdering om særskild fartsgrense 60 km/t - Austrheim kommune

Vestland fylkeskommune har på nytt vurdert særskild fartsgrense 60 km/t langs FV57 K S4D1 m10526 -11088 og vidare inn i FV565 K S6D1 m1024-1427 etter ynskje frå Austrheim kommune.

Etter [NA-rundskriv 2021/01 Fartsgrensekriterie](#), pkt. 3.2.2 finn vi at fartsgrense 60 km/t kan nyttast på fylgjande strekningar utanfor tettbygd strok:

5. Kryss og kryssområder

Kryss som ikkje tilfredsstillar gjeldande krav for høgare fartsgrenser til stoppsikt og/eller sikttekantar. Mengde sidetraffikk bør vurderast. Det bør vurderast å gjera fysiske endringar i utforming før fartsgrensa eventuelt vert satt ned.

Vi har lagt til grunn 126 meter som stoppsikt målt 6 meter inn i kommunal veg frå kantlinja i fv. 57, dette etter krav i handbok N100 for hovudveggar Hø1-Øvrig hovudveggar.

ÅDT i fv. 57 er her 2900 med 10 % lange køyretøy.

Ved utkøyring frå KV 1008 Vardevegen er den reelle sikta mot nordvest målt til 100 meter, full stoppsikt vert hindra av høg skjering. Mot søraust er stoppsikt > 200 meter.

Fysiske tiltak for å betra sikta er vurdert til å vera økonomisk krevjande fordi det inneber omfattande inngrep i sideterreng mot nordvest.

Dersom Statens vegvesen er samd i vår vurdering at ein etter NA-rundskriv 2021/01 Fartsgrensekriterier har grunnlag til å setje fartsgrensa til 60 km/t her, innstiller Vestland fylkeskommune til at Statens vegvesen treff vedtak etter skiltforskriftens § 26 nr. 1 andre ledd om særskild fartsgrense 60 km/t skal gjelde for strekninga FV57 K S4D1 m10526 -11088 og vidare inn i FV565 K S6D1 m1024-1427. Vidare at det etter skiltforskriftens §§ 27 nr. 1, 28 nr1 bokstav a og 29 nr. 1 vert skilta slik det kjem fram i vedlagt skiltplan L001 – L004 av 21/9 2022.

Med helsing

Hege Løtveit
leiar
INV - Forvaltning Bergensområdet

Geir Sverre Andreassen
overingeniør
INV - Forvaltning Bergensområdet

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskreven underskrift

Vedlegg

1 Skiltplan L001, L002, L003, L004 - særskild fartsgrense 60 km_t - Kaland

Kopi til:

Tor Steinar Høyland

Kari Louise Elster Moen